
Fra: Hellesøe, Hege Brekke <fmhohbh@fylkesmannen.no>
Sendt: 9. desember 2015 09:50
Til: Postmottak Meland; Postmottak Lindås; Postmottak Radøy; Post Austrheim; Post Osterøy; Post Masfjorden kommune; Postmottak Fedje; Postmottak Modalen
Emne: [BULK] Hjelpeskjema for KOSTRA-rapportering av omdisponert landbruksareal
Vedlegg: Kopi av Hjelpeskjema 2016.xlsx; Omdisp_veiledning.docx

Hei,

Fylkesmannen viser til Landbruksdirektoratet si utsending av hjelpeskjema for kommunane si rapportering av behandla saker etter jordlov, konsesjonslov og plan- og bygningslova gjennom KOSTRA-skjema nr. 32.

Landbruksdirektoratet har i år utarbeidd eit hjelpeskjema i Excel-format til føring av behandla saker etter jordlov og konsesjonslov, kva som vart utfallet av desse og omdisponert areal for reguleringsplanar etter plan- og bygningslova. Intensjonen bak hjelpeskjemaet er å lette kommunen sitt arbeid ved den årlege KOSTRA-rapporteringa, og sikre kvaliteten på dei innrapporterte opplysningane. Bruken av hjelpeskjemaet er frivillig, men vi vil på det sterkeste tilrå at kommunen tek det aktivt i bruk frå tidlig 2016.

Med helsing

Hege Brekke Hellesøe
Rådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Tlf: 55 57 23 52
www.fylkesmannen.no/hordaland
[Abonner på nyhende frå Fylkesmannen](#)

 **Tenk miljø - ikkje skriv ut denne e-posten med mindre det er naudsynt**